

SNERTEN

Infoskriv nr 1 frå Norsk Langeleikforum april 2010

Gode langeleikentusiastar!



Eg er glad for å kunne presentere "Snerten", det aller fyrste medlemskrivet til Norsk Langeleikforum.

Eg er òg glad for å vera den fyrste leiaren i forumet. Eg gler meg til å sjå kva vi kan få til for og med langeleiken framover.

Vi kjem seint i dang, men vi kjem godt! Vi håpar så mange som mogleg vil vere med oss, og vi vil gjerne ha ynskje og innspel frå alle!

Ta kontakt på

langeleikforum@gmail.com

Snerten helsing frå
Turid Berge

Norsk langeleikforum endeleg stifta.

Stiftingsmøtet for Norsk Langeleikforum fann stad på Valdres Folkemuseum laurdag 25. juli 2009, og 9 personar hadde funne vegen dit. Møtet vart opna med samspel av interimstyret, som spelte Fjelltrall.

Innkalling, sakliste og vedtekter vart godkjent utan merknader. Arbeidsprogrammet og arbeidsplan for forumet vart godkjent med ein merknad:

Deltaking på årsmøtet i Lfs gårut, då dette forumet ikkje er organisert opp mot Lfs.

Budsjett for 2009 og 2010 vart diskutert og godkjent med ei endring: Ordet "prosjektmidlar" vart endra til "driftsmidlar".

Etter valet vart styresamansetjinga denne:

Leiar: Turid Berge, valt for 1 år

Styremedl.: Marit Steinsrud, for 2 år

Sigurd Braathen, for 2 år

Gunvor Hegge, for 1 år

Ingar Ranheim, for 1 år

Varamedlemmer:

Kari Hagaseth, Elisabeth Kværne og Bent Åserus, alle valde for 1 år.

Valkomité: Ola Aastad Bråten, Bjørg Berge og Svein Arne Mæhlum.

Bjørg Berge og Stein Villa vart valde til å skrive under på møteboka frå stiftingsmøtet.

Lappane og kaffien smakte godt etter eit vel gjennomført møte, men litt restar vart det att.

Seinare på kvelden var Flatøygårdsbygningen fylt opp med eit interessert publikum til "Konsert med snert". Ein flott start på arbeidet i Norsk Langeleikforum!

MS



Dette biletet er teke på stiftingsmøtet 25. 07. 09. Svein Arne Mæhlum, Turid Berge og Marit Steinsrud.
Foto: Sigurd Braathen



Medlemskap i NLF

Saman med dette informasjonskrivet til NLF ligg det ein innbetalingsgiro til deg som ynskjer å bli medlem. Styret oppmodar alle interesserte til å melde seg inn i forumet så fort som råd!

Frå konserten "Konsert med snert" i Flatøygardsbygningen stiftingsdagen. Bjørg Berge, Magnhild Karsrud, Marit Steinsrud, Stein Villa og Johanna Fuglesteg.
Foto: Sigurd Braathen

Munnharpe og langeleikfestival 24.-26.september 2010

Dette går føre seg på Fagernes, og det blir mange fine foredrag, kurs og konsertar. I løpet av festivalen vil vi også avvikle årsmøtet. Meir info om dette kjem etter kvart.

LOGO

Vi trenger en logo for Norsk Langleikforum. Har du lyst eller kjenner du noen som har, setter vi pris på om noen kan bidra med forslag. Det trenger ikke være et endelig utkast, men kanskje en skisse vi kan jobbe videre med. Sett i gang!

Sidan det var att plass, spanderer vi eit bilete til frå "Konsert med snert"

Disse elementene kan/skal være med:

1. Hele navnet Norsk Langleikforum eller forkortelsen, NLF
2. Stiftet 2009
3. En stilisert tegning av en langeleik, helst uten tilknytning til spesielt område.

Foreløpig har vi ingen økonomi til de store premier, men en viss påskjønnelse bør vi klare. Og vi kan love store mengder av ære og berømmelse!

BÅ



Det var ein lystig kveld! Ole Aastad Bråten og Turid leiar slær an tonen, og Kari Lønnestad og Gunvor Hegge ser ut til å vera med på "notane"!
Foto: Sigurd Braathen